

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 25. mars 2015, kl. 12.15.

Stad: Rom 301 i HF-bygget.

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: Guro Sandnes

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Lars Ask, Egil Melander, Selina Boullin og Lusine Mkrtchyan

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei sjølv ta kontakt med vararepresentant.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 18. februar 2015

Referatet frå rådsmøtet vart sendt ut med e-post 27. februar 2015.

Sak 3 – orienteringssaker

Sak 4 – Nytt mandat for FFU

Sjå vedlegg til innkallinga. Utkastet til nytt mandat vart drøfta i FFU 18. mars 2015.

Framlegg til vedtak: Rådet vedtek framlegget til nytt mandat for Forskings-, formidlings- og forskarutdanningsutvalet (FFU) ved Institutt for framandspråk. Dei nye retningslinene gjeld frå og med haustsemesteret 2015.

Sak 5 – ymse

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Forskings-, formidlings- og forskarutdanningsutvalet (FFU)

1. Mandat og oppgåver

Forskings-, formidlings- og forskarutdanningsutvalet (FFU) er instituttleiars rådgivande og IFs koordinerande organ i saker som gjeld forskning, formidling og forskarutdanning. Utvalet får sitt mandat definert av instituttleiari i samråd med institutttrådet. Utvalet skal sjå til at instituttets målsettingar og langsiktige satsingar innanfor forskning, formidling og forskarutdanning blir nådde.

Forskning og formidling

Utvalet skal

- behandle forskingsmeldinga og forskarutdanningsmeldinga frå instituttet
- bli orientert om forskingstildelingane ved instituttet (støtte til forskingsføremål, publisering, forskargrupper, o.a.)
- drøfte spørsmål som gjeld forskinga ved instituttet, t.d. spørsmål og felles forskings-satsingar, profilering, publisering og internasjonalisering

Forskarutdanning

Utvalet har ansvaret for den kandidatspesifikke opplæringsdelen av doktorgradsprogrammet og for den lokale kvalitetsutviklinga av forskarutdanninga. Dette inkluderer mellom anna oppfølging av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, eit overordna ansvar for utvikling og organisering av lokale emne og kvalitetssikring av samarbeid med lokale og nasjonale forskarskular.

Utvalet har, saman med instituttleiari, ansvaret for at alle kandidatar vert knytte til aktive forskingsmiljø, forskarskular eller forskargrupper.

2. Samansetting

Leiari peikar ut representantar til FFU, som har følgjande samansetting:

- forskingsleiaren ved instituttet (leier utvalet)
- to representantar for forskargruppene (leiarar for to av forskargruppene)
- to representantar for språkdisiplinane
- tre representantar for litteratur- og kulturdisiplinane
- ein representant for fagdidaktikkdisiplinane
- to representantar frå gruppe B, av desse minst ein doktorgradsstipendiat

Så langt som mogleg skal ein sørgje for at utvalet har ein brei representasjon frå alle språkfaga og at dei lokale forskarskulane er representerte.

3. Leiing, innkalling og referat

Utvalet blir leia av forskingsleiaren ved instituttet, og forskingskonsulenten er sekretær.

Innkalling med sakliste skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig.